

Omtale søknader - Tilskot til verna kulturminne 2020 - Vestland fylkeskommune 14.05.2020

| Nr | Kommune       | Skildring av prosjektet/tiltak   | Kostnad | Omsøkt | Tildeling | Grunngjeving   |
|----|---------------|--|---------|--------|-----------|--|
| 1  | Alver kommune | 1. Våningshus på Isdal på gbnr. 185/7. Restaurering av yttervegg med panel og ytterdører   | 100 000 | 40 000 | 40 000    | Nye Alver kommune har enno ikkje vedtatt kulturminneplan, men i kommunal planstrategi varsla at dei skal starte opp arbeidet med å lage ny kulturminneplan med utgangspunkt i tidlegare Radøy kommune sin kulturminneplan.<br><br>Alle omsøkte tiltak er regulert med omsynssone kulturmiljø H570 i gjeldande KPA.   |
| 2  | Alver kommune | 2. Smie på Gjerde gbnr 500/1, Istandsetting av taket, vindskier og dekkbord må skiftast, gavlvegg må få ny kledning. Brakjakledning settast i stand.                             | 35 000  | 17 500 | 17 500    | Alle omsøkte tiltaka har regional verdi eller er prioritert i gjeldande kulturminneplanar. Alle tiltaka er i tråd med retningslinene for tildelinga.   |
| 3  | Alver kommune | 3. Grindverksløy på Pletten gbnr 496/1. Noverande taket må fjernast, takkonstruksjonen må byggast opp på nytt og det må leggjast ny bølgeblekk. Vegg mot nord må få ny kledning. | 181 250 | 40 000 | 40 000    | Isdal er eit av dei få gjenverande klyngetuna i Vestland fylke, som framleis er levande og ikkje museum. Smia på Gjerde er ei av få gardsmier som er att som kan daterast til 1695, og eit av få bygg med brakjevegg i Alver. Løa på Pletten som er før 1900, har både vest- og austvegg i tørrmur, er eit viktig særtrekk for byggeskikken i Nordhordland. Meland kommune var kjent for navarsmedane sine og det var smier i bruk over heile kommunen. I dag er Fossesmia den einaste av dei tradisjonelle smiene som framleis er i bruk og er difor særst viktig ta vare på for å føre vidare handslingsboren kunnskap. Gamleskulen på Eikanger, frå 1889, vart brukt til skule fram til 1953. Seinare var den sløydsal, og i ein periode var det framhaldskule. Det er positivt at bygningen har fått ny bruk som lokalt kulturhus og galleri, med kursverksemd innan visuell kunst, og med arrangement som foredrag og konsertar, lett servering og kunstutstillingar. |
| 4  | Alver kommune | 4. Fossesjøsmia på Fosse gbnr 325/86. Istandsetjing av vindauge.   | 31 380  | 20 000 | 15 000    |  |
| 5  | Alver kommune | 5. Gamleskulen op Eikanger frå 1889. Det vert søkt om tilskot til reparasjon av vindauge, nye innvendige varevindauge og etterisolasjon av dekker.                               | 270 000 | 51 200 | 51 200    | Formidling av kulturminne med skilt lags turstiar er eit viktig tiltak, men må søkje anna tilskotsordning som gjeld formidling av kulturminne og turstiar.   |

Omtale søknader - Tilskot til verna kulturminne 2020 - Vestland fylkeskommune 14.05.2020

| Nr                       | Kommune               | Skildring av prosjektet/tiltak   | Kostnad        | Omsøkt         | Tildeling      | Grunngjeving  |
|--------------------------|-----------------------|--|----------------|----------------|----------------|---|
| 6                        | Alver kommune         | 6. Skilting av kulturminne langs turstiar Alver kommune. Skilting av kulturminne langs turstiar Alver kommune ynskjer å skilta kulturminne som ligg langs mykje brukte turveggar og turstiar i kommunen. Dette gjeld krigsminna i Knappen i Marøy, heller på veg til Skageneset, kvernhuset på Manger, og torvhus- og skjeneflormiljø på veg til Nøttveitveten og Morkefjellet | 120 000        | 60 000         | 0              |   |
| <b>SUM ALVER KOMMUNE</b> |                       |  | <b>467 630</b> | <b>228 700</b> | <b>163 700</b> |   |
| 7                        | Askøy kommune         | 1. Løe på Fargebakke, gbnr. 14/22, Krokåsdalen. Byggeår ca. 1885 Utbetring av grunnmur, tørrmur på løe. Søkjar har ambisjonar om å drive kulturformidling fra gården, og eigedommen har potensiale til brei formidling av kulturminne og av kulturlandskapet i Krokåsdalen.  | 212 000        | 43 400         | 43 400         | Kommunen har ein eldre kulturminneplan der omsøkte tiltak er prioritert. Kommunen har lagt ned eit stort arbeid med å få på plass ein ny kulturminneplan som er i tråd med gjeldande lovverk. Denne er enno ikkje vedtatt. Begge prosjekta er foreslått sikra gjennom omsynssone når kommuneplan skal rullerast. Begge tiltaka er i tråd med retningslinene for tildelinga.                           |
| 8                        | Askøy kommune         | 2. Steinhus på Ask gbnr. 5/2, truleg frå slutten av 1700-talet. Istandsetting. Steinhuset er et særprega lite byggverk. Bygget ligger tett på vegen, og er svært synleg i området.   | 41 100         | 22 000         | 20 000         | Det er positivt at løa på Fargebakke vert satt i stand og skal brukast til formidling av kulturminne og kulturlandskapet i Kokåsdalen. Det er viktig at steinhuset på Ask vert sett i stand då det har høg formidlingsverdi i eit område med sterkt utbyggingspress.  |
| <b>SUM ASKØY KOMMUNE</b> |                       |  | <b>253 100</b> | <b>65 400</b>  | <b>63 400</b>  |   |
| 9                        | Bjørnafjorden kommune | 1. Steinmura naust i sjøbruksmiljø på Holmefjord. Det einaste steinmurte, og det eldste naustet i sjøbruksmiljøet i Holmefjord.  | 930 000        | 330 000        | 200 000        | Bjørnafjorden har starta opp arbeid med kulturminneplan for den nye kommunen og har fått midlar av Riksantikvaren til dette arbeidet. Tiltaket har regional verdi og er nemnt i eldre kulturminneplan for Fusa kommune. Naustet er regulert med omsynssone H570 i KPA. Tiltaket er i tråd med retningslinene for tildelinga. Grunneigar bør søke andre tilskotsordningar, som t.d. Kulturminnefondet. |
| <b>SUM BJØRNAFJORDEN</b> |                       |  | <b>930 000</b> | <b>330 000</b> | <b>200 000</b> |   |
| 10                       | Fitjar kommune        | 1. Våningshus Langøya, gbnr. 19/1. Byggeår mellom 1825-1849 . Istandsetting av tak og vegger. Golv i 2.etasje må sikrast og reparerast.  | 846 582        | 400 000        | 100 000        | Fitjar kommune har vedtatt kulturminneplan og vert difor prioritert i tildelinga. Alle omsøkte prosjekt er kulturminne som er prioritert i kulturminneplanen.<br><br>Våningshuset og torvhuset er prioritert i kulturminneplanen, og regulert med omsynssone H570 i KPA.  |

Omtale søknader - Tilskot til verna kulturminne 2020 - Vestland fylkeskommune 14.05.2020

| Nr | Kommune                   | Skildring av prosjektet/tiltak  | Kostnad          | Omsøkt         | Tildeling      | Grunngjeving   |
|----|---------------------------|---|------------------|----------------|----------------|--|
|    |                           |   |                  |                |                | Tiltaka er i tråd med retningslinene for tildelinga.   |
| 11 | Fitjar kommune            | 2. Gamalt torvhus/sjøbu på Bukkholmen gbnr 20/2, i Fitjarøyane. Oppattmuring av utrasa mur. Utrasinga skuldast auka båttrafikk i området  | 330 950          | 100 000        | 50 000         | Våningshuset på Langøya må snarleg sikrast mot inntrenging av vatn i tak og veggjar. Eigar bør difor søkje tilskot til strakstiltak hjå Kulturminnefondet. Den gamle sjøbua er eit viktig kulturminne som ligg i sårbart område med høg regional verdi. Grunneigar bør søkje tilskot til strakstiltak hjå Kulturminnefondet. |
|    | <b>SUM FITJAR KOMMUNE</b> |   | <b>1 177 532</b> | <b>500 000</b> | <b>150 000</b> |  |
| 12 | Fjaler kommune            | 1. Våningshuset "Lillingtonheimen" på gbnr. 38/26. Eigedommen er eigd av Fortidsminneforeningen, avd. Sogn og fjordane. Utføring av akutte tiltak på våningshuset som linoljemåling, takreparasjonar på skutar og vindaugsrestaurering. | 1 696 898        | 100 000        | 100 000        | Fjaler kommune har vedtatt kulturminneplan der tiltaket er regulert med omsynssone H570. Tiltaket er i tråd med retningslinene for tildelinga. Våningshuset «Lillionstonheimen med hage og parkanlegg har høg regional verdi.  |
|    | <b>SUM FJALER KOMMUNE</b> |   | <b>1 695 898</b> | <b>100 000</b> | <b>100 000</b> |  |
| 13 | Kvam Kommune              | 1. Båtverkstaden i Holmsund, gbnr. 33/5. Restaurering av skifertak. Byggeår 1878.   | 195 000          | 100 000        | 97 000         | Kvam kommune har vedtatt kulturminneplan. Alle tiltak er prioritert i kulturminneplanen og regulert med omsynssone H570 i KPA. Tiltaka er i tråd med retningslinene for tildelinga.  |
| 14 | Kvam kommune              | 2. Turbin på Nes Gardssag, gbnr. 140/3 Restaurere turbinen trinn 2 v/BKK sin verkstad på Dale.Bygd i 1962.  | 1 241 000        | 100 000        | 100 000        | Restaurering av skifertak på båtverkstaden i Holmesund og istandsetting av 16 vindauge på våningshuset i Strandebarm vert prioritert.  |
| 15 | Kvam kommune              | 3. Våningshus i sveitserstil på Strandebarm, gbnr. 127/8. Huset er bygd etter 1850. Det vert søkt om å sette i stand 16 gamle vindauge.   | 130 000          | 122 000        | 65 000         |  |
|    | <b>SUM KVAM KOMMUNE</b>   |   | <b>1 566 000</b> | <b>322 000</b> | <b>262 000</b> |  |

Omtale søknader - Tilskot til verna kulturminne 2020 - Vestland fylkeskommune 14.05.2020

| Nr                        | Kommune         | Skildring av prosjektet/tiltak  | Kostnad        | Omsøkt         | Tildeling      | Grunngjeving  |
|---------------------------|-----------------|---|----------------|----------------|----------------|---|
| 16                        | Luster kommune  | 1. Feigum sag og mølle på gbnr. 64/2. Reparere taket, vinduene, skifte ut øydelagd golvbjelke og montere hjørnekasser. I tillegg må nokre deler i bindingsverket og golvet byttast ut. Eigendomen har dokumentert historie tilbake på 1600-talet. Den representerte starten på industri i Luster. Fleire kjente kunstnarar som Gude, Eckhoff og Wergeland har nytta mølla som motiv i sine måleri.  |                | 250 000        | 50 000         | Luster har no kulturminneplanen på høyring der alle omsøkte tiltak er prioritert. Alle tiltaka har regional verdi og bør regulert med omsynssone H570 i KPA når denne vert rullert. Tiltaka er i tråd med retningslinene for tildelinga. Eigar av Feigum sag og mølle og Munthehuset på Kroken bør søkje andre tilskotsordningar som t.d. Kulturminnefondet. Nedrestølen på Ormelid har fått stønad av andre. |
| 17                        | Luster kommune  | 2. Steinsel/kjellar på Nedstestøen; Ormelid gbnr. 1/1. Stiftinga er i gang med restaurering av selet på Nedstestølen. Arbeidet med både murane og tømra-selet er gang.  | 725 000        | 150 000        | 96 450         | .   |
| 18                        | Luster kommune  | 3. Munthehuset på Kroken gbnr. 182/1. Restaurering av vindaugane. Munthehuset er bygd i perioden 1765-1785. Munthehuset var i perioden frå tidleg 1800 og fram til kaptein Gerhard Munthe sin død i 1876, samlingsstad for dei mest kjente nasjonalromantiske målarane på den tida. Frå 1897 til 1955 var huset leigd ut til Nordre Bergenhus Amt sin praktiske jenteskule som var Norges eldste offentlege jenteskule, starta i Holmedal i Sunnfjord i 1877. | 190 000        | 160 000        | 95 000         |   |
| <b>SUM LUSTER KOMMUNE</b> |                 |   | <b>915 000</b> | <b>560 000</b> | <b>241 450</b> |   |
| 19                        | Modalen kommune | 1. Stølshus på Otterstadstølen på gbnr. 77/2. Flytting og rehabilitering av stølshus i stølsmiljø i naturreservat.  | 781 000        | 781 000        | 0              | Modalen kommune har kulturminneplan frå 2000 der alle omsøkte tiltak er prioritert. Alle tiltak er prioritert i kulturminneplanen og regulert med omsynssone H570 i KPA. Modalen bør prioritere å få ferdig ny kulturminneplan.   |

Omtale søknader - Tilskot til verna kulturminne 2020 - Vestland fylkeskommune 14.05.2020

| Nr                         | Kommune         | Skildring av prosjektet/tiltak  | Kostnad          | Omsøkt           | Tildeling      | Grunngjeving  |
|----------------------------|-----------------|---|------------------|------------------|----------------|---|
| 20                         | Modalen kommune | 2. Stølsvollen på Otterstadstølen gbnr 77/1 Stølsmyra har over tid blitt gjengrodd og stølstunet er utsett for myrdanning og auka fuktigheit i grunn. | 84 500           | 84 500           | 40 000         | Fleire av dei omsøkte tiltaka må vurderast i høve til automatisk freda kulturminne (arkeologi).<br><br>Eigar av stølshus på Otterstadstølen gbnr 77/2 og stølshus på Almelidstølen gbnr. 79/2 bør søkje andre tilskotsordningar som t.d. Kulturminnefondet. |
| 21                         | Modalen kommune | 3. Stølshus på Almelidstølen, gbnr. 79/2 Ny utvendig og innvendig kledning er nødvendig og det er behov for ny stålpipeline til vedovn.               | 402 449          | 402 449          | 0              |   |
| 22                         | Modalen kommune | 4. Rindalø på Helland Øvre, gbnr. 81/3. Istandsetting tak, kledning, grunnmur.  | 71 905           | 71 905           | 35 000         |   |
| 23                         | Modalen kommune | 5. Steinbu på Nøttveit, gbnr 73/1 og 2. Setje på eit saltak og setjast inn dør og vindauge.   | 100 000          | 100 000          | 50 000         |   |
| <b>SUM MODALEN KOMMUNE</b> |                 |   | <b>1 439 854</b> | <b>1 439 854</b> | <b>125 000</b> |   |
| 24                         | Osterøy kommune | 1. Utløa på Storneset, gbnr. 9/3. Vøla bindingsverket og kledningen på nordre gavelen og austre langveg. Byggjeår ca. 1850-talet.                     | 162 400          | 30 000           | 30 000         | Kommunen har ikkje vedtatt kulturminneplan. Utløa på Storeneset er eit godt eksempel på lokal byggeskikk og ligg i eit område med stor tidsdjupne. Løa vil bli prioritert i kulturminneplanen og regulert med omsynssone H570 når KPA blir rullert.         |
| 25                         | Osterøy kommune | 2. Våningshuset på Garmannshagen. Vøla gråsteinsmurn langs vestveggen på våningshuset. Oppført i 1853.  | 588 000          | 150 000          | 70 000         | Våningshuset ligg i Mjeldalen, eit kulturmiljø med regional verdi og er regulert med omsynssone H570 i KPA. Eigar bør søkje andre tilskotsordningar som t.d. Kulturminnefondet.<br><br>Tiltaka er i tråd med retningslinene for tildelinga.                 |
| <b>SUM OSTERØY KOMMUNE</b> |                 |   | <b>750 400</b>   | <b>180 000</b>   | <b>100 000</b> |   |
| 26                         | Sogndal kommune | 1. Løa tilhøyrande Gjerthuset, Kyrkjegato 1, gbnr. 105/2 i Kaupanger. Restaurering av løa.  | 230 195          | 50 000           | 50 000         | Kommunen har vedtatt kulturminneplan. Begge omsøkte prosjekt er prioritert i kulturminneplanen og regulert med omsynssone H570.   |

Omtale søknader - Tilskot til verna kulturminne 2020 - Vestland fylkeskommune 14.05.2020

| Nr                         | Kommune         | Skildring av prosjektet/tiltak   | Kostnad        | Omsøkt         | Tildeling      | Grunngjeving  |
|----------------------------|-----------------|--|----------------|----------------|----------------|---|
| 27                         | Sogndal kommune | 2. Istandsetting av Klokke-Peter sitt butikklokale på Holmen 8, gbnr 310/260, i Balestrand bygningsmiljøet.  | 530 000        | 185 000        | 185 000        | Forhold til kulturminnelova må avklarast i høve tiltak på løa i Kaupanger. Klokke-Per sitt butikklokale er eit viktig kulturminne og ein del av den immaterielle kulturarven.<br><br>Tiltaka er i tråd med retningslinene for tildelinga.   |
| <b>SUM SOGNDAL KOMMUNE</b> |                 |  | <b>760 195</b> | <b>235 000</b> | <b>235 000</b> |   |
| 28                         | Stord kommune   | 1. Istandsetting av eldhus på Øvre Økland, gbnr. 30, bnr. 3.   | 143 000        | 100 100        | 63 800         | Stord kommune har vedtatt kulturminneplan. Alle omsøkte prosjekt er prioritert i kulturminneplanen. Alle prosjekta er regulert med omsynssone H570 i KPA.   |
| 29                         | Stord kommune   | 2. Sjøhuset på Føyne gbnr.51/1. Restaurere sjøhuset - grindverkskonstruksjonen hevast. Taket skal vølast, noko av skiferen og delar av eksisterande taksperr må bytast ut og ny bordkledning der det er trong for det.                           | 635 980        | 423 986        | 100 000        | Eit av prosjekta omhandlar kompetanseheving innan kulturminnevern, noko som kommunen ynskjer å forankre i handsplanen til revidert kulturminneplan. Tiltaka er i tråd med retningslinene for tildelinga.<br><br>Eigar av Sjøhuset på Føyne bør søkje tilskot hjå andre som t.d. Kulturminnefondet. Kurs i komposisjonsmaling har stor overføringsverdi og vil kunne bidra til auka kunnskap og kompetanse lokalt. |
| 30                         | Stord kommune   | 3. Kurs i komposisjonsmaling i samband med vøling av løa på Nedre Økland. Søkjar skal arrangere, og sjølv delta på kurset med ekstern kurshaldar. Malinga som blir produsert skal brukast på løa.  | 19 500         | 14 500         | 9500           |   |
| <b>SUM STORD KOMMUNE</b>   |                 |  | <b>798 480</b> | <b>538 586</b> | <b>173 300</b> |   |
| 31                         | Sveio kommune   | 1. Våningshus «Øyro», på gbnr. 3/33 er truleg flytta til staden rundt 1825. Restaurering av eine vegg, og er første del av fleire planlagde steg til full restaurering av huset. Er eit godt døme på den lokale byggjeskikken frå denne perioden |                | 49 000         | 49 000         | Sveio kommune har vedtatt kulturminneplan.<br><br>Alle prosjekta er prioritert i kulturminneplanen og regulert med omsynssone H570 i KPA.<br><br>Tiltaka er i tråd med retningslinene for tildelinga.<br><br>Alle dei fire prosjekta som kommunen har prioritert regional kulturminneverdi.   |

Omtale søknader - Tilskot til verna kulturminne 2020 - Vestland fylkeskommune 14.05.2020

| Nr | Kommune                  | Skildring av prosjektet/tiltak   | Kostnad | Omsøkt         | Tildeling      | Grunngjeving  |
|----|--------------------------|--|---------|----------------|----------------|---|
| 32 | Sveio kommune            | 2. Eldhus på Lier Nordre. Eldhuset ligg i eit tun med ei bygningsmiljøet og kulturlandskapet som er lite prega av nyare inngrep. Vøling av taket, og skifta kledning og vindauge med nytt av same type.    |         | 36 300         | 36 300         |   |
| 33 | Sveio kommune            | 3. Eldhus på Lyngholm, gbnr. 57/4 i kulturmiljø på Lyngholm. Byggjeår for eldhuset er vurdert å vera 1750-åra.   |         | 11 600         | 11 600         |   |
| 34 | Sveio kommune            | 4. Våningshus på Lyngholm «Tomashuset» er truleg bygt på 1700-talet.   |         | 19 500         | 19 500         |   |
|    | <b>SUM SVEIO KOMMUNE</b> |  |         | <b>116 400</b> | <b>116 400</b> |   |
| 35 | Tysnes kommune           | 1. Rekkjetunet på Færevåg, gnr. 36, bnr. 3. Istandsetting av grunnmur og tak på hovudhus. Lekkasje på tak på løe, hardangerheller må leggest på nytt, overbygg løebru og restaurering grunnmur vetlestova. |         | 57 250         | 57 250         | Tysnes kommune har vedtatt kulturminneplan. Alle prosjekta er prioritert i kulturminneplanen og vil bli regulert med omsynssone H570 når KPA vert rullert. Tre av tiltaka er i tråd med retningslinene for tildelinga. Tingstova i Uggdal, er i kommunal eige og vert difor ikkje tilrådd regionale midlar, sjølv om kommunen prioriterer kulturminnet. Skilting knytt til turløype bør kunne finansierast av andre tilskotsordningar.<br><br>Rekkjetunet har høg regional kulturminneverdi og vert difor prioritert. andre. Bakeriet på Kvitevollsneset er prioritert i kulturminneplanen. |
| 36 | Tysnes kommune           | 2. Tinghuset i Uggdal frå 1910. Søknaden gjeld generell rehabilitering av bygget, vindauge, golv i hovudetasje og nytt toalett.  |         | 200 000        | 0              |   |

Omtale søknader - Tilskot til verna kulturminne 2020 - Vestland fylkeskommune 14.05.2020

| Nr                        | Kommune            | Skildring av prosjektet/tiltak   | Kostnad          | Omsøkt         | Tildeling      | Grunngjeving  |
|---------------------------|--------------------|--|------------------|----------------|----------------|---|
| 37                        | Tysnes kommune     | 3. Gjerstad Kraftstasjon med veggmontasje om historia til Gjerstad kraftstasjon og Våge Lysverk som vart etablert i 1934. Søknaden gjeld formidlingstiltak på turløype med skilting langs røyrgate og fram til demningar.                                |                  | 8 000          | 0              |   |
| 38                        | Tysnes kommune     | 4. Bakeriet på Kvitevollsneset. Søknaden gjeld reperasjon av tak, skifte frå helletak til tak med Altaskifer. Bakeriet med bustad oppe, var i drift fram til 1941.   |                  | 50 000         | 42 750         |   |
| <b>SUM TYSNES KOMMUNE</b> |                    |  |                  | <b>315 250</b> | <b>100 000</b> |   |
| 39                        | Ullensvang kommune | 1. Brynsteinsverkstaden på Aarekol gbnr. 99/5 Smia er bygd i reisverk, står på tørrmura fundament og på taket ligg det rastaheller. Verkstaden må vølast. Helletaket må demonterast, råte material skiftast, mur rettast opp og helletak satt opp igjen. | 483 088          | 200 000        | 200 000        | Nye Ullensvang skal lage ny kulturminneplan. Omsøkte prosjekt vil bli prioritert i ny kulturminneplan. Alle omsøkte prosjekt har regional kulturminneverdi.<br><br>Tiltak som gjeld restaurering av Karbidsilohus 104, Odda smelteverk bør søke tilskot til istandsetting og vedlikehald av utvalde tekniske og industrielle anlegg for 2021. |
| 40                        | Ullensvang kommune | 2. Bustadhus på Solesnes, gbnr. 15/1, Restaurering av helletak og vidaugane.   | 500 000          | 100 000        | 0              | Alle tiltak er regulert med omsynssone H570 i KPA og Karbidsilohus og Formannshuset i Odda er regulert til vern i gjelende reguleringsplan.   |
| 41                        | Ullensvang kommune | 3. Restaurering av Karbidsilohus 104, Odda smelteverk, fase 1.   | 419 550          | 100 000        | 100 000        | Kitting og måling av vindauge på Formannshuset vert rekna som ordinær vedlikehald som ikkje kan støttast. Det vert rådd til at eigar av bustadhus på Solesnes og Formannshuset i Odda søkjer om tilskot frå Kulturminnefondet.  |
| 42                        | Ullensvang kommune | 4. Formannshuset i Odda. Reist i 1929. Restaurering av vindauge mot sør, der tre empirevindauge er sett over kvarandre. I dei nedste ramane må noko treverk skiftast ut. Alle vindauge må kittast og målast.   | 100 000          | 100 000        | 0              |   |
| <b>SUM ULLENSVANG</b>     |                    |  | <b>1 502 638</b> | <b>500 000</b> | <b>300 000</b> |   |



Omtale søknader - Tilskot til verna kulturminne 2020 - Vestland fylkeskommune 14.05.2020

| Nr                         | Kommune          | Skildring av prosjektet/tiltak  | Kostnad          | Omsøkt         | Tildeling      | Grunngjeving  |
|----------------------------|------------------|---|------------------|----------------|----------------|---|
| 43                         | Vaksdal kommune  | 1. Restaurering av Grendahuset Ljosheim.<br>Grendahuset Ljosheim (bygt 1897) ligg på garden Flatekval i Eksingedalen.                               |                  | 150 000        | 100 000        | Vaksdal kommune har kulturminneplan. Tiltaket er prioritert i kulturminneplanen og regulert med omsynssone H570 i KPA. Tiltaka er i tråd med retningslinene for tildelinga. Grendahuset er eitt av Noregs eldste ungdomshus, og er eit verdifullt kulturminne med høg regional verdi.   |
| <b>SUM VAKSDAL KOMMUNE</b> |                  |   |                  | <b>150 000</b> | <b>100 000</b> |   |
| 44                         | Vik kommune      | 1. Restaurering av stabburet og eldhuset i klyngetunet på Ytre Le i Arnafjord. Tiltak eldhuset (Askeladden-ID: 267961-1 og 267961-2) Bygd før 1850. | 864 500          | 432 250        | 80 000         | Vik kommune har kulturminneplan. Alle omsøkte tiltak er prioritert i kulturminneplanen og regulert med omsynssone H570 i KPA.<br><br>Tiltaka er i tråd med retningslinene for tildelinga. Eigar av stabburet og eldhuset på Ytre Le bør søkje andre tilskotsordningar som t.d. Kulturminnefondet.   |
| 45                         | Vik kommune      | 2. Restaurering av Flatløa og Lussistova i klyngetunet på Grønsberg i Vik (Askeladden-ID: 267793-2 og 267793-1).                                    | 191 185          | 95 592         | 60 000         |   |
| 46                         | Vik kommune      | 3. Restaurering av eldstad (peis) og reparasjon av taklekkasje i Løytnantstova på Feidjane i Feios (Askeladden-ID: 2677130).                        | 106 958          | 53 479         | 50 000         |   |
| 47                         | Vik kommune      | 4. Leikangerkrusifikset i kyrkja og infotavle om Feios kyrkje og Rinde stavkyrkje Feios.  | 28 886           | 14 443         | 10 000         |   |
| <b>SUM VIK KOMMUNE</b>     |                  |   | <b>1 191 529</b> | <b>595 764</b> | <b>200 000</b> |   |
| 48                         | Øygarden kommune | 1. Førdestraumnauset. Nauset er oppført rundt 1875 med villheller på taket. Flytting av naust til Naustbakken og naustmiljøet i Sangoltshopen.      | 167 000          | 35 000         | 35 000         | Øygarden kommune skal lage ny kulturminneplan. Omsøkte tiltak vil bli prioritert og er prioritert i gjeldande planar og regulert med omsynssone H570 i KPA. Tiltaka er i tråd med retningslinene for tildelinga. Flytting av nauset til Naustbakken og naustmiljøet i Sangoltshopen er viktig, då det er med på styrke kunnskapen om historia til kystfolket. Restaurering av Knarrevikløa er viktig då den ligg i eit område som er under utbyggingspress. |

Omtale søknader - Tilskot til verna kulturminne 2020 - Vestland fylkeskommune 14.05.2020

| Nr                          | Kommune          | Skildring av prosjektet/tiltak  | Kostnad           | Omsøkt           | Tildeling        | Grunngjeving |
|-----------------------------|------------------|---|-------------------|------------------|------------------|--------------|
| 49                          | Øygarden kommune | 2. Restaurering av Knarrevikløa a) Kamp mot skadedyr på loftet i løa. b) Stogga vatn som kjem inn i kjellaren. Dette skal gjerast ved å skifta ei dør og noko veggkledning på sørsida av huset. | 142 560           | 40 000           | 40 000           | .            |
| <b>SUM ØYGARDEN KOMMUNE</b> |                  |   | <b>309 560</b>    | <b>75 000</b>    | <b>75 000</b>    |              |
| <b>Samla sum</b>            |                  |   | <b>14 038 816</b> | <b>6 25 1954</b> | <b>2 705 250</b> |              |